

Kommunal planstrategi 2012

# Vaksdal kommune



Veafjorden sett fra Langhelle, foto: Oliver Klose

## Føremål med kommunal planstrategi


Kommunen er etter plan- og bygningslova pålagt å utarbeide ein kommunal planstrategi minst ein gong kvar valperiode og seinast innan eit år etter at kommunestyret er konstituert. Føremålet med den kommunale planstrategien er å setje fokus på dei planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for utvikling i kommunen. Kommunal planstrategi skal omfatte dei viktigaste strategiske val knytt til utvikling av kommunesamfunnet. Langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ein vurdering av planbehov i perioden skal vurderast.

Planstrategien har ikkje direkte rettsverknad i forhold til innbyggjarar. Plan strategien gir såleis ikkje heimel for å avslå søknad om byggjeløyve. Det kan ikkje fremjast motsegn mot kommunen sin planstratgi.

Det er ikkje noko bestemt krav for opplegget for medverknad. Planstrategien vert vedteken av kommunestyret med offentlig kunngjering minst 30 dagar før handsaming.

For den vidare prosessen er formannskapet som planutval naturleg styringsgruppe for arbeidet.

Kommunen sitt plansystem og kommunal planstrategi i dette systemet, jf. Modell 1, Miljøverndepartementet 2011:



## **Overordna føringar som er viktige for kommunen**

### **Nasjonale forventningar**

Nasjonale føringar for arbeidet med kommunal planstrategi er gjeve i nasjonale forventningar som vart vedteke 24. juni 2011. Dei nasjonale forventningane omhandlar 6 tema:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsle og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekst

### **Regionale føringar**

Regionale planstrategi for 2010-2012 vart vedteke i Fylkestinget 16. desember 2010. Planstrategien fokuserar på følgjande temaområde:

- Folkehelse
- Areal
- Transport
- Kultur
- Næring

Fylkeskommunen er no i gong med ny planstrategi som skal gjelda for perioden 2012-2015. Internasjonale og nasjonale trendar som vil påverke Hordaland i tida frametter er auka globalisering, framleis rask teknologisk utvikling, demografisk utvikling med fleire eldre i befolkninga, auka migrasjon, auke i utdanningsnivå, endring av klima samt miljøutfordringar.

### Trendar for Hordaland

- Endringar i nærings- og yrkesstruktur
- Auka sentralisering med vekst i Bergensregionen
- Ein eldre arbeidsstyrke
- Større bu- og arbeidsregionar

Aukande fritidsforbruk og fokus på stadkvalitetar

- Miljø og klimaendringar
- Aukande ulikskapar blant distriktsområda

### Regionale planar under arbeid:

- Regional plan for senterstruktur og lokalisering av service og handel
- Regional plan for Sunnhordland - sjø, strandsoneareal og transport,
- Regional plan for utbyggingsmønster, arealbruk og transport i Bergensområdet
- Regional plan for Haugalandet
- Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei
- Regional plan for Nordfjella
- Regional transportplan
- Regional plan for folkehelse
- Forvaltingsplan for vatn
- Regional næringsplan
- Regional kulturplan
- Regional plan for godshamn Bergensområdet

## Utfordringsbiletet i Vaksdal kommune

I samband med arbeidet med planstrategien er det utarbeid eit utfordringsdokument for kommunal planstrategi 2012. (Vedlagt her) Utfordringsdokumentet syner til ein del hovedutfordringar for kommunen i tida framover:

- Folketalsutvikling synast framleis vere hovudutfordringa for kommunen.
- Vaksdal som kraftkommune
- Busetnad i indre strok og lokalsamfunnsutvikling
- Næringsutvikling og behov for næringsareal
- Arbeidskraftbehov og kompetansearbeidsplassar i sterk konkurranse
- Interkommunalt samarbeid
- Bustadsosialt arbeid
- Styrke oppvektsområdet
- Folkehelse
- Samhandlingsreforma
- Demografiske utfordringar

### Erfaringar med gjeldande kommuneplan:

Samfunnsdelen i kommuneplanen gir grunnlag for prioriteringar av ressursar, planleggingsoppgåver og samarbeidsoppgåver. Samfunnsdelen konkretiserer tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer. Innhaldet i samfunnsdelen er såleis sær retningsgjevande for planstrategien. Det er likevel verdt å merke seg at korkje samfunnsdelen eller planstrategien har rettsverknad, med omsyn til krav til prioriteringar og tiltak. Samfunnsdelen av kommuneplanen for Vaksdal kommune var vedteken i 2005. Denne er relativt generell og heimlar såleis dei overordna utviklingstrekk som er kommet til syne i utfordringsnotatet. Kommunen lyt likevel vurdere å rullere samfunnsdelen i løpet av inneverande kommunestyreperiode, for å fange opp viktige endringar i samfunnet og omgjevnadene sine krav til organisasjonen. Ved å få ein meir målretta samfunnsdel kan ein sikre seg eit planhierarki som gir tydelege føringar på tilhøvet mellom visjon for kommunen, overordna mål og konkrete delmål. I kommunen sitt planhierarki lyt samfunnsdelen danne utgangspunkt for kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar, økonomiplan og budsjett.

Arealdelen av kommuneplanen vart vedteken i 2007. Det var då lagt opp til ein monaleg omfattande prosess for å sikre medverknad og det var gode tilbakemeldingar til dette. I hovudsak opplever ein at gjeldande arealplan er godt eigna til å løyse dei utfordringane som ein står ovanfor. Ved ein rullering av samfunnsdelen vil ein naturleg måtte rullere arealdelen deretter.

Det er likevel nokre områder som utviklinga syner at det naudsynt å ta stilling til om ein skal rullere arealdelen av kommuneplanen på. Ny plan- og bygningslov opnar for at kommunen i vedtak om planstrategi kan leggje opp til ein delvis rullering av arealdelen til kommuneplanen. For Vaksdal kan det vere turvande å leggje opp til ein rullering av arealdelen for å sikre busetnad i LNF- soner i indre strok av kommunen for på den måten freiste å leggje til rette for at trenden med fråflytnad stopper opp. Vidare kan det vere naudsynt å leggje til rette for utvikling av fleire næringsareal. Arbeidet med evaluering av næringsarbeidet syner at kommunen kan bli betre til å leggje til rette for at det er mogeleg å etablere næringsverksemd i kommunen, noko som også gjeld å ha tilgjengeleg areal for næringslivet. Det synast også vere stort behov for næringsareal og bustadareal i området rundt Bergen. (kilde: Business Region Bergen)

## Vurdering av planbehov:

Vurderinga av planbehovet tar utgangspunkt i gjeldande kommuneplan, regionale og nasjonale føringar.

Medan nokre målsetjingar er vanskelege å måla, så lyt andre målsettingar vere konkrete. Planstrategien tek stilling til kva planoppgåver kommunestyret ønskjer å prioritere i perioden 2012 - 2016. Det pågår mange små og store planprosessar og arbeidet her er ikkje uttømmende.

Folketalsutvikling og demografisk samansetting synast vere kommunen si hovudutfordring i tida framover. Kommunen har i motsetning til landet elles nedgang i antal eldre i perioden fram mot 2030 og er inne i vår "eldrebølge" no. Dette vil leie til reduksjon i rammetilskottet og anna type press på helsetenestene enn kva me opplever i dag. Færre barn og unge vil føre til reduserte rammetilskott sjølv om gjeldande struktur vert oppretthalde og såleis må finansierast.

Kommunen har ein storleik som gjer det vanskeleg å til ein kvar tid ha tilstrekkeleg kompetanse på meir spesialiserte felt. Det kan gje press på at innbyggjarar ikkje får tenester i tråd med det lovgjevar har lagt til grunn at kommunen skal yte. Dette vert av mange kommunar løyst gjennom interkommunale samarbeid. Vaksdal kommune sin beliggenheit mellom Bergen og Voss kan gjere det vanskeleg å finne sin plass i eit naturleg interkommunalt samarbeid. I tillegg vert kommunenoreg utfordra på stadig fleire og store oppgåver, særleg gjennom Samhandlingsreforma. Ein eventuell debatt om kommunestruktur kan vere ein nasjonal forventning i framtida. Vaksdal kommune lyt ta sin eigen debatt om kommunen sin identitet i dette store biletet

Folkehelse i plan er eit nytt krav til kommunane med ny folkehelselov som trådte i kraft i 2012. Bakgrunnen for kravet er samhandlingsreforma sine intensjonar om at førebyggjande arbeid skal leie til redusert behov for behandling. Trenden er at livsstilssjukdomar aukar og det krev førebyggjande aktivitet og kommunen skal leggje til rette for alle gjennom universell utforming så langt det let seg gjere. Folkehelsearbeid skal syne i alt planleggingsarbeid og vere ein gjennomgripande og tverrsektoriell oppgåve. Vaksdal kommune har til no ikkje eit så systematisk planarbeid for folkehelse og lyt starte opp med dette arbeidet snarast råd.

## Kommunedelplanar – areal og tema

### Behov for nye planar:

- Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel
- Rullering av kommuneplanen sin arealdel med omsyn til busetnad i indre strok av kommunen, næringsareal, næringsareal og bustadareal nær Bergen
- Kommunedelplan oppvekst
- Kommunedelplan folkehelse
- Kommunedelplan helse- og omsorg
- IFK- plan
- Strategisk næringsplan
- Trafikksikringsplan
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Vaksdal kommune som kraftkommune

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske arbeidet i perioden. Måla i samfunnsdelen er retningsgjevande for all anna planlegging.

- Kommunedelplan oppvekst: Oppvekst skal vere eit satsingsområde kommunedelplan oppvekst er under arbeid.

- Plan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø bør utarbeidast for Vaksdal kommunen for å sikre ei tydeleg prioritering og sikre at mindre tiltak også vert vurdert i eit heile opp mot tilskotsmidlar frå fylkeskommunen. Kommunen bør ha på plass ein IFK- plan frå 2013.
- Trafikksikringsplan tek inn mange moment, det kan vere utbetring av vegnettet, veglys, sikring av skuleveg, gang- og sykkelveg
- Strategisk næringsplan: Kommunestyret har vedtatt at strategisk næringsplan skal rullerast med oppstart 2012. Vaksdal næringssekskap skal drive prosessen.
- Kommunedelplan helse- og omsorg : Helse og skule er i Vaksdal er dei to sektorane som står for storleiken av kommunebudsjettet og representerer ein stor del av kommunen si verksemd. Begge sektorane er sterkt styrt frå nasjonalt hald både ved lovkrav og planar. helsesektoren er nyleg igjennom ein utfordrande reform som har gjeve nye og endra oppgåver. Ein ny regional helse- og omsorgsplan er under arbeid og denne bør følgjast opp med ein kommunal helse- og omsorgsplan.
- Ein plan for natur, kulturmiljø, landbruk og landskap vil vere viktig for å setje fokus på mellom anna landbruksnæringa både som verdiskapar og matprodusent, men og som produsent av kulturlandskap og aktivitet, og dermed levende bygder og lokalsamfunn. Planen bør sikre nasjonale forventningar om å stimulere til utvikling av lokalsamfunnet og bør sikre at fleire områder blir sett i eit naturleg heile. Dette kan gjerast som bakgrunn av ein heilskapeleg Liv og lyst- satsing.
- Klima og energiplanen bør vere i aktiv bruk og skal vere oppdatert. Planen vart vedteke av kommunestyret i 2011.
- Ny rettleiar om beredskapsplanlegging er meldt i frå nasjonale styresmakter. I lova er det krav om at plan skal reviderast årleg. Vaksdal kommune meldar oppstart når rettleiaren er klar.

### **Større reguleringsplanar /områdeplanar skal følgje opp intensjonane i kommuneplanen sin**

#### **arealdel.**

- Reguleringsplan utvikling av Stamnes sentrum
- Reguleringsplan Stanghelle barnehage
- Reguleringsplan Vaksdal barnehage
- Reguleringsplan på Dalegården for næringsverksemd
- Utvikling av Tettaneset buvisjon kan detaljerast i områdeplan. Ein områdeplan skal gje svar på infrastruktur- og samordningsspørsmål og kan nyttast for å regulere område som elles ikkje vert regulert (eksempelvis om det er mange grunneigarar med små teigar som ikkje vil lage eigen reguleringsplan for sin eigedom).

Private reguleringsplaner kjem i tillegg

## **Temaplanar som ikkje følg plan- og bygningslova**

Desse er ofte knytt til tenesteytinga i kommunen og det kan vere uklart for fleire kva slags status dei har. Kommunen bør i størst mogeleg grad syte for at det er samanheng i planverket og at det er tydeleg korleis planane legg føringar for kommunen si verksemd. Ein kommunedelplan følgjer retningslinene i plan- og bygningslova og er meir forpliktane enn ein temaplan. For å sikre at planhierarkiet er tydeleg vil det vere turvande å gjere bruk av kommunedelplanar når nye planar skal utarbeidast.

- Plan for kulturminne
- Ungdomsplanen
- Kompetanseutviklingsplan: Vaksdal kommune har mange tilsette og for at dei skal yte gode tenester, trivast i jobben og få moglegheit til utvikling vil ein kartleggje kompetanse og setje opp ein plan for kompetanseutvikling.

Planarbeid skal ende opp i konkrete tiltak og det må gjerast ved å kople planarbeidet til handlingsplanar og budsjett.